

Protokoll frå føretaksmøte

# Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

9. september 2009



---

## PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 9. september kl. 12.15 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som telefonmøte.

### Dagsorden

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Overføring av aksjar i Norsk Helsenett AS

### Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia

### Frå styret møte

Styreleiar Oddvard Nilsen

Ohene Aboagye

Gisle Handeland

Torill Selsvold Nyborg

### Frå administrasjonen møte

Kst. administrerande direktør Helge Bryne

Eiendomsdirektør Ivar Eriksen

### Også til stades

Ekspedisjonssjef Andreas Disen

Avdelingsdirektør Frode Myrvold

Førstekonsulent Elena Carreño

Spesialrådgiver Ragnhild Kolstad

Underdirektør Kai R. Furberg

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Janicke Weum

### Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Per Bleikelia ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Han spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

#### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga vart godkjent. Føretaksmøtet vart lovleg sett.*

Styreleiar Oddvard Nilsen og Frode Myrvold blei valde til å skrive under protokollen. Per Bleikelia overlét møteleiinga til styreleiar Oddvard Nilsen.

### Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurte om nokon hadde merknader til den utsendte dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*Dagsordenen vart godkjent.*

**Sak 3 Overføring av aksjar i Norsk Helsenett AS**

I føretaksmøte i Helse Vest RHF 10. juni 2009 blei det gjort følgjande vedtak:

*"Føretaksmøtet vedtok, med atterhald om Stortingets nødvendige vedtak og med heimel i lov om helseforetak § 15, at Helse Vest RHF skal gi frå seg aksjane i Norsk Helsenett AS som grunnlag for etablering av Norsk Helsenett SF. Dette skal skje på det tidspunkt og etter nærmare framgangsmåte som blir fastsett i seinare føretaksmøte.*

*Føretaksmøtet la til grunn at styret i sitt komande styremøte gjer følgjande vedtak: "Føretaksmøtet i Helse Vest RHF vedtok 10. juni 2009, med atterhald om Stortingets nødvendige vedtak og med heimel i lov om helseforetak § 15, at føretaket skal gi frå seg aksjane sine i Norsk Helsenett AS som grunnlag for etablering av Norsk Helsenett SF. Dette skal skje etter framgangsmåte som blir fastsett i nytt føretaksmøte. Styret samtykkjer i føretaksmøtet sitt vedtak om å gi frå seg aksjane."*

Stortinget har nå gjort nødvendige vedtak og styret i Helse Vest RHF har i styremøte 24. juni 2009 gjort vedtak i tråd med vedtak i føretaksmøte 10. juni 2009.

I medhald av lov om helseforetak §15 vedtok føretaksmøtet eit uttak av kapital på kr 13 094 000 frå Helse Vest RHF som blir gjort opp ved at Helse Vest RHF sine 4 000 aksjar i Norsk Helsenett AS blir overtatt av eigar den 30. oktober 2009.

Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF sørge for at aksjane blir overførte til Norsk Helsenett SF som del av Den norske stat sitt innskott i statsføretaket den 30. oktober 2009.

**Føretaksmøtet vedtok:**

*I medhald av lov om helseforetak §15 vedtek føretaksmøtet eit uttak av kapital på kr 13 094 000 frå Helse Vest RHF som blir gjort opp ved at Helse Vest RHF sine 4 000 aksjar i Norsk Helsenett AS blir overtatt av eigar den 30. oktober 2009.*

*Føretaksmøtet ber Helse Vest RHF sørge for at aksjane blir overførte til Norsk Helsenett SF som del av Den norske stat sitt innskott i statsføretaket 30. oktober 2009.*

Møtet vart heva kl. 12.20

Oslo 9. september 2009



Frode Myrvold



Oddvard Nilsen